

Lustrafjorden Inn

Etappe 3 Gaupne-Luster ca.21,2km

Løp forbi rådhuset mot Kvernelvi (engjadøla) . Ta sti forbi Hanatjern opp til veg mot Engjadalen, følg veg til første store u-sving (judas-svingen) opp på rasvoll og inn på bratt sti til **Lø**. Forbi Lø er det løpbart til Engjadalsvegen, ta til venstre til stikryss og følg bomveg opp til stølen **Navarsete** . Derifrå på DNT sti til **Flatningane**.

To stiar vidare her, og vanskeleg å finne rett sti. Sjekk kart/GPS. Anbefaler å halde til venstre forbi flatningane der er det ein slakare sti som koblast vidare med stien til Stordalen. Hald deg på sti ved høgspenlinjene når det flater ut på 1000 m.o.h. Flytsti nedover dalen, NB! midt i dalen so krysser stien over til høgre for høgspenlinjene. Ned til stølen **Røssesete**. Følg grusveg deretter bratt grusveg 2 km. (pass på knea) til stikryss ca.200m før bru som går til **Harastølen**. Følg veg til Harastølen, ta ned til venstre framfor Harastølen, opp til venstre for bygget, snu ved markert tre og løp tilbake til stikryss ved brua. Nedover stien til ny bru på høgre side(vanskeleg å sjå,markert) over klopper, skrått nedover til skihytta. Rett inn på sti til venstre ved svingen under hytta, ta sti nedover til høgre, til veggen. vidare snarveg på høgre side til veg før ny sti på venstre side som tek deg til **Lauvhjell** og **Bringevegen**. Ved vegkryss Bringevegen ned langsmed grov(bekk/elv) til byggefelt. Ved tredje huset til venstre er det sti ned til grusveg og veg ned til lustrabui, der ventar det ei fortent **Lustrabolle** på deg.

Grei 4G dekning Engjadalen, frå flatningane blir det svakare til ingen dekning ned Stordalen.

Skade/ulukke ring 113! Last ned 113 appen Annet: kontakt-telefon: Ann Kristin Sperle 99 39 38 73

